



**STRATEGISK PLAN  
FOR  
OPPVEKSTSEKTOREN  
I  
BREMANGER KOMMUNE  
2010 – 2020**

**HANDLINGSPLAN 2010-2012**

Vedteken i kommunestyremøte 15.06.10

# 1. INNLEIING

"Strategisk plan oppvekstsektoren i Bremanger kommune" skal vere kommunen sitt overordna styringsverkty i den samla utviklinga av skulane og barnehagane våre. Kompetanse- og kvalitetssikrings-planen vår skal detaljere og konkretisere den daglege drifta av skular og barnehagar.

Eit planverkty vil alltid ha behov for oppdatering fordi det raskt skjer store endringar i oppvekstsektoren. Her er nemnt nokre av dei større endringane som ha skjedd dei siste 10 åra:

- Ny læreplan for grunnskulen (Kunnskapsløftet)
- Endringar i Opplæringslova
- Ny lærarutdanning
- Nasjonale prøver og kartleggingsprøver m.m.
- Auka elevimetal i grunnskulen
- Ny barnehagelov
- Rett til barnehageplass
- Ny rammeplan for barnehagen

Strategiplanen vil skissere kva utvikling vi ønskjer for dei kommande åra – og kva utfordringar vi må meistre. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg og knytast opp mot økonomiplanen, slik at ambisjons- og ressursnivået vert tilpassa kommunen sin samla økonomi.

For å gjere strategiplanen til eit godt styringsdokument, er det lagt vekt på:

- få og tydelege målformuleringar
- tydelege gjennomføringsstrategiar
- ein bodskap som kan kommuniserast internt og eksternt

## 2. PLANPROSESSEN

### 2.1. Bakgrunn

Våren 2009 fekk UtviklingsPartner AS i oppdrag å utarbeide ein drifts- og ressursanalyse av oppvekstsektoren. Resultatet vart lagt fram 15.06.09 i ein eigen rapport og på ein presentasjon for tilsette og tillitsvalde i oppvekstsektoren. På bakgrunn av analyserapporten utarbeidde rådmannen eit prosjektplan (forprosjekt): "Strategisk plan 2010-2020 for skule- og barnehagesektoren i Bremanger kommune". Denne og analyserapporten vart lagt fram for kommunestyret 03.11.09. Kommunestyrevedtaket har denne ordlyden: "Framlegg til prosjektplan for forprosjekt *"Strategisk plan 2010-2020 for skule og barnehagesektoren i Bremanger kommune"* vert godkjend med slik presisering: *vurdering av positive og negative samfunnsmessige konsekvensar av ulike modellar vert å innarbeide i hovudaktivitet 02 i prosjektplanen.*"

### 2.2. Prosjektorganiserering

Styringsgruppa har vore samansett av medlemmer i Administrasjonsutvalet, ordførar, Utdanningsforbundet, Fag forbundet, foreldrerepresentantar og representantar for administrasjonen.

Status i prosjektet:	Utval/personar:
Prosjektkansvarleg (PA)	Kåre Olav Svarstad, ordførar
Prosjektleiar (PL)	Gunnar Skjølberg
Styringsgruppe (SG):	
Ungdomsrådet	Frida Sande
Foreldrerepresentant	Irene Storøy
Foreldrerepresentant	Monica Sande
Administrasjonsutvalet	Harry Gulestøl
	Karl Vidar Førde
	Geir Ask
	Ejørnar Førde
	May Brit Bratseth
Utdanningsforbundet	Bodil Ask
Fag forbundet	Anne Kristin Førde
Administrasjonen	Tom Joensen, rådmann

### 2.3. Styringsgruppa sitt arbeid

Styringsgruppa har hatt 5 møte. Mykje av drøftingane har teke utgangspunkt i "Drifts- og ressursanalyse av oppvekstsektoren". Økonomien i analyserapporten har vorte kontrollrekna med den konklusjon at det er lite å hente økonomisk for kommunen på flytting av elevar (**Vedlegg 1**). Samfunnsøkonomisk vil det vere eit tap. Føresetnaden for kommunen sine

utrekningar er nogjeldande rammetimetalmodell og bemanningsplan for barnehagane.

Vidare har gruppa drøfta samordnings- og samarbeidspotensiale mellom driftseiningane. Ein god del samordning er gjennomført, men her er framleis eit potensiale å utnytte. Styringsgruppa har vidare teke føre seg elevtalsutviklinga, ressursar til spesialundervisning, rammetimetalmodellen, visjonar og målsetjingar. Resultatet av arbeidet kjem fram seinare i denne planen.

### 3. STATUS

Bremanger kommune er stor i geografisk utstrekning og har spreidd busetnad. Difor har kommunen har hatt og har mange skule- og barnehagekrinsar godt tilpassa busetnadmønsteret. Politisk har det vore satsa på oppvekstsektoren i Bremanger. Kommunen har godt utdanna personale både i skule og barnehage. Stikkord for skule og barnehage i dag:

- Eit tilbod i alle deler av kommunen
- Svært godt førebyggjande arbeid i barnehagen (eks. Språkprosjektet)
- Svært gode faglege resultat i skulen (**Vedlegg 2**)
- Godt regionalt samarbeid
- Eit ressursgrunnlag som gir grunnlag for å produsere gode tenester
- Reduksjon i spesialundervisning (**Vedlegg 3**)
- Samarbeid med kulturskulen (m.a. Den kulturelle skulesekken, kjøp av tenester)


#### 3.1. Organisering

Oppvekstsektoren er i dag organisert med ein kommunalsjef og sju driftssjefar:

Driftseining:	Type:	Elevtal:	Barnetal:
<b>Svelgen oppvekst</b>			
- Svelgen skule	1.-10.kl.	185	
- Svelgen barnehage	4 avd.		45
- Langeneset barnehage	2 avd.		29
<b>Hauge skule</b>	1.-10.kl.	172	
<b>Stasjonen barnehage</b>	3 avd.		39
<b>Kalvåg oppvekst</b>			
- Frøyen skule	1.-7.kl.	41	
- Kalvåg barnehage	2 avd.		38
<b>Davik oppvekst</b>			
- Davik skule	1.-10.kl.	66	
- Davik barnehage	1 avd.		12
<b>Kolset oppvekst</b>			
- Kolset skule	1.-7.kl.	32	
- Kolset barnehage	1 avd.		5
<b>Ålfoten oppvekstsenter</b>			
- Ålfoten skule	1.-7.kl.	21	
- Ålfoten barnehage	1 avd.		20
Sum		517	188

Grunnlaget for tala er 15.12.09.

I tillegg til tala i oversikta kjem 9 elevar på Årebrot skule og 6 elevar på Flora ungdomsskule (elevar frå Botnane som Bremanger kommune kjøper elevplassar til av Flora kommune).



Alle driftseiningane våre er organiserte som oppvekstsentrata (med unnatak av Hauge skule og Stasjonen barnehage, men dei har likevel tett samarbeid). Dette lettar administrasjon, praktisk og pedagogisk samarbeid mellom skule og barnehage.

Grunnlaget for stillingsheimlane i skule ligg primært rammetimetsmodellen (**vedlegg 4**). I tillegg kjem det til stillingar både til pedagogar og assistentar i samband med spesialundervisning. I barnehagen er tal stillingar regulert av bemanningsplanen (både pedagogar og assistantar (**Vedlegg 5**)).

Reinhaldsstillingar både i skule og barnehage er baserte på reinhaldsareal og kor ofte det skal vaskast. Normen er 2,25 m<sup>2</sup> vaska areal pr minutt.

Merkantilt personale sine stillingsheimlar byggjer på lokale tingingar og vedtak.

### **3.2. Tenestetilbodet**

I dag er det vanlegvis ikkje ventetid på barnehageplass. Søkjarar får i regelen barnehageplass i nærmeste barnehage og av det omfang dei ynskjer. Vi har ikkje føreteke brukargranskningar, men tilbakemeldingar frå foreldre tyder på at dei er nøgde om omfang og innhald i barnehagetilbodet.

Skulane er organiserte med ein ungdomsskule i kvar av dei tre hovuddelane av kommunen (Svelgen, Hauge, Davik). I tillegg har dei mindre bygdene sin barneskule innanfor ungdomsskulekrinsen (Kalvåg, Kolset, Ålfoten). Også innan skulen er inntrykket av føresette er nøgde med korleis tilbodet er organisert.

Ved skulane vert det etter behov gjeve tilbod om SFO. Skulane har også nært samarbeid med kulturskulen. Det skjer m.a. gjennom "Den kulturelle skulesekken" og ved kjøp av musikkklærartenester frå kulturskulen.

Barnehagane har opptaksområde tilsvarende skulekrinsen dei ligg i.

### **3.3. Økonomi**

Kring 30% av kommunen sine netto driftsutgifter går til oppvekstsektoren. Med ein spreidd busetnad og geografiske utfordringar har vi noko høgre kostnader enn tettbygde kommunar, men på linje med kommunar med tilsvarende geografi som vår.

SSB -ureviderte KOSTRA-tal pr. 15.03.2010:

	Bremanger 2009	Gj.snitt gr. 2	Gj.sn. Sogn og Fjordane	Gj.sn. alle Kommunar
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn i barnehage	107601	124095	120660	133266
Korrigerte driftsutgifter til grunnskule pr. elev	111823	96937	94432	82919
Summerte brutto driftsutgifter for skule og barnehage	219424	221032	215092	216185
Gjennomsnittleg gruppestørleik 1.-7.årssteg	10,2	10,9	10,7	13,2
Gjennomsnittleg gruppestørleik 8.-10.årssteg	11,0	12,5	12,7	14,8
Utgifter til skuleskyss pr. innbyggjar 6-15 år	2479	2675	2047	1561

For 2010 er budsjetteringa og rekneskapsføringa justert slik at tala for skule går noko ned medan tala for barnehage stig. Dette heng saman med

fordeling av utgifter mellom skule og barnehage, t.d. straum, reinhald, trygding, administrasjon.

Våre utrekningar, basert på noverande rammetimetsmodell, tyder på at det ikkje er noko å spare på ei sentralisering. Samfunnsøkonomisk vil det vere eit tap samstundes som innbyggjarane vil oppleve eit fjernare og därlegare tenestetilbod.

Trass i eit desentralisert skuletilbod har vi skyssutgifter høgre enn fylkesgjennomsnittet (1.188.000 kr i 2010), men mindre enn KOSTRA-gruppe 2.

Økonomistyringa i skule og barnehage er god. Budsjetta er realistiske og rammene vert haldne.

### **3.4. Hovudutfordringar i dagen teneste**

Med mange små og spreidde einingar har vi eit godt geografisk tilbod, men samstundes nokre utfordringar (alle er rett no ikkje knytt til geografi):

- Effektiv ressursutnytting
- Organisatorisk, pedagogisk og administrativt samarbeid mellom einingane og mellom skule og barnehage
- Vedlikehalde eit godt fagleg/pedagogisk nivå både i skule og barnehage
- Rekruttere fagpersonale i skule og PPT
- Halde omfanget av spesialundervisning nede, men oppretthalde kvaliteten på tilbodet
- Strammare økonomiske rammer (jfr. økonomiplanen)
- Det fysiske skule- og barnehagemiljøet
- Etterkomme sentrale pålegg og føringar

## **4. VIKTIGE UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR**

Ein stor del av lærarstaben kom som nyutdanna til kommunen på 70-talet. Desse nærmar seg no pensjonsalderen. Fødselstala i kommunen går dei nærmaste åra ned. Kommunikasjonane til lands vert venteleg endra i nærfamtid. Vi må vente sentrale føringar for endringar både i skule og barnehage både for innhald og omfang.

### **4.1. Elev-/barnetalsutviklinga**

Prognosane for elevtalsutviklinga tilseier store endringar for nokre av skulane våre. Dette gjeld særleg Kolset som får den største nedgangen. 2/3 av elevgrunnlaget vert borte dei kommande 6 åra. Hauge skule vil i tilsvarende tidsrom misse 1/3 av elevtalet. For dei andre skulane er endringane langt mindre. To skular vi ha auke: Frøyen og Ålfoten. (**Vedlegg 6**)

Dersom prognosane til ein krins syner at elevtalet kjem under 13 (dvs. udelt skule), vil kommunen i god tid ta opp drøfting med krinsen om framtida for skulen, utsikter for elevtalsauke, evt. prosedyre for nedlegging av skulen om elevtilgangen sviktar.

For barnehagane er det vanskelegare å lage prognosar sidan barna som skal gå der om nokre år, enno ikkje er fødde. Vi må likevel vente barnehagekrinsane har nokolunde same utvikling som i tilsvarende skulekrins.

Når prognosane tilseier at behovet for barnehageplassar utgjer mindre enn 6 plassar, vil kommunen i forkant ta opp drøftingar med krinsen om framtidig eksistens av barnehagen.

### **4.2. Rekruttering**

Ein av dei største utfordringane våre innan skule, vert å rekruttere nye lærarar i åra som kjem. Over  $\frac{1}{4}$  av dei som i dag arbeider i skulen, kjem til å slutte i dei nærmast 4 – 6 åra. Situasjonen er likeins i nabokommunane våre og i fylket elles. Samla vert det mangel på nyutdanna lærarar og ein kamp om å kapre mange nok i eigen kommune.

For å betre rekrutteringssituasjonen satsar vi i vår region på å få i gang desentralisert lærarutdanning i 2011. Utfordringa blir å motivere mange nok frå Bremanger til å starte med slik utdanning.

I barnehagen er ikkje rekrutteringsutfordringane i nærmaste framtid på langt nær like store som i skulen. Først om nokre år vil vi måtte prioritere nye

førskulelærarar, gjerne gjennom å få i gang desentralisert førskulelærarutdanning.

#### **4.3. Kompetanse**

I ein skule og barnehage i sterk endring, er det behov for å oppdatere kompetansen til alle tilsette. Regionalt samarbeider vi om tiltak på dette området. Kvart år tilbyr regionen ettertudanningskurs for tilsette i oppvekstsektoren. Vidareutdanningstilboda regionalt skjer primært i samarbeid med Høgskulen i Sogndal med sikte på å få til desentraliserte tilbod. Dette arbeidet må drivast på minst same nivå i framtida.

Bremanger kommune sine behov for etter- og vidareutdanning vert prioriterte i Kompetanse- og kvalitetssikringsplanen vår.

#### **4.4. Økonomi**

Både for å halde på kvaliteten og kunne drive langtidsplanlegging er oppvekstsektoren avhengig av ein føreseieleg økonomi. Dette gjeld både den ordinære drifta og grunnlag for å drive god og målretta etter- og vidareutdanning.

Storparten av dei økonomiske ressursane i skulen er sikra gjennom rammetimetalsmodellen vår. Modellen har vore endra ved nokre høve tidlegare, seinast i 2008 då elevressursen vart endra frå 2 t/v til 1,8 t/v – altså 10% reduksjon. Lova og pedagogiske vurderingar vil setje ei grense for kor lågt det er forsvarleg å gå. Våre utrekningar viser at det er lite kommunaløkonomisk å hente på sentralisering av skulane. Samstundes vil innbyggjarane venteleg oppleve at ei slik løysing vil ha *negative samfunnsmessige konsekvensar*. (frå kommunestyrevedtaket)

Føringane som ligg i økonomiplanen om 2,1 mill. i reduksjon i oppvekstsektoren, krev ein gjennomgang for alle driftseiningane med eigne konsekvensutgreiingar for t.d. kva 3 % reduksjon av driftsbudsjetten vil føre til.

For alle einingane må det m.a. vurderast kva sparepotensiale som ligg i enøk-tiltak og bruk av innkjøpsavtaler. Kommunestyret har vedteke ein eigen enøk-plan for kommunen.

Vi veit også at det kjem statlege pålegg om å auke timetalet på småskulesteget. Dette skal verte kompensert gjennom auka rammeoverføringer til kommunen.

## 5. KVA ER MOGELEG?

### 5.1. Samarbeid og samordning mellom driftseiningane innan kommunen

Fleire av driftseiningane innan skule og barnehage i Bremanger er små. Personalalet kan ha for få å samarbeide med på same driftseining. Dette kan kompenserast gjennom eit utstrekkt samarbeid mellom driftseiningane våre. Slikt samarbeid føregår alt. Det er til dømes oppretta nettverksgrupper på tvers av arbeidsplassane. Ein god del er oppnådd, men det er framleis mogeleg å oppnå meir.

Vi må også verte meir bevisste på å analysere det som går godt – kvifor det går godt. Det vil vere eit godt grunnlag for å verte endå betre.

Målsetjinga med samarbeid innan kommunen er m.a.:

- Større og meir variert kollegium
- Større kapasitet i planleggingsarbeidet
- Fleire å dele arbeidet på
- Kollegarettleiling og kollegaskulering
- Utveksling av opplegg og materiell
- Betring administrativt og organisatorisk
- Meir rasjonell ressursbruk
- Auke opp stillingsstorleiken til deltidstilsette
- Betre utnytting av fagkompetanse
- Betring av pedagogisk og sosialt tilbod
- Vikarsamarbeid
- Redusere sjukefråveret ved eit større og meir variert arbeidsmiljø

### 5.2. Interkommunalt samarbeid

Slikt samarbeid har vi hatt ei årrekke mellom kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Gloppen, Hornindal, Stryn og Bremanger. Det er oppretta nettverksgrupper både på skulenivå og barnehagenivå. I tillegg har kommunenivået felles planleggings- og strategimøte. Vi samarbeider både om innkjøp av programvare, prosjektarbeid, etterutdanning, vidareutdanning og grunnutdanning.

Gjennom det interkommunale samarbeidet kan vi realisere tiltak/tilbod som vi ikkje hadde greidd åleine. Samstundes når vi lenger med ressursane våre ved å hjelpe kvarandre.

Det interkommunale nettverket vårt må haldast ved like samstundes som vi arbeider for at det skal vere rusta for å møte nye utfordringar.

I tillegg til det interkommunale samarbeidet i vår region, samarbeider vi med Flora kommune om kjøp av elevplassar for dei barna som bur i Botnane. Dei 9 barneskuleelevarane går på Årebrot skule, og dei 6 ungdomsskuleelevarane går på Flora ungdomsskule. Bremanger kommune betaler ein årleg elevpris pluss skysskostnader til Flora kommune.

### **5.3. Kompetanseheving**

Vi skal ha fokus på kompetanseheving på fleire område:

Etterutdanning er den jamne årlege kompetansehevinga/-oppdateringa som vedkjem heile personalet i skule og barnehage. For å halde kostnaden på eit overkommeleg nivå, er vi avhengige av å drive vidare det interkommunale samarbeidet i regionen. Regionen har ei eiga gruppe som arbeider med dette.

Hospitering er innarbeidd i kompetanseplanen for kommunen. Så langt har hospitering vore brukt for lite. I regionen vår finst det mange mål for hospitering både i skular og barnehagar. Hospiteringsinnhaldet er gjerne svært praksisretta og lett overførbart til eigen arbeidssituasjon. Det er også eit poeng for våre einingar at dei tek mot hospitantar frå andre kommunar. Vertskapet har gjerne like stort utbytte avhospiteringa som dei besøkande.

Vidareutdanning trengs i ein skule og barnehage i stadig utvikling. Regionen har tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om eit breitt vidareutdanningstilbod. Våre behov vert prioriterte gjennom kompetanseplanen og ført vidare gjennom regional prioritering til høgskulen.

Utviklingsarbeid vert drive kontinuerleg i skulane og barnehagane våre.

Mykje av dette har gitt kvalitetsauke i den daglege drifta. Vi kan likevel verte flinkare til ei betre strategisk målretting av utviklingsarbeidet, dvs. knyte det betre opp mot dei målsetjingar og prioriteringar kommunen har.

### **5.4. Rekrutteringsutfordringar**

Dei nærmaste åra vil vi ha stor avgang særleg av lærarar (4.2.). Vi må satse på fleire felt:

Utlýsing av stillingar slik vi tradisjonelt har gjort. Men vi må verte tydelegare kva for er fordelen med å arbeide i Bremanger.

Rekruttering blant dei som er under utdanning – særskilt dei som kjem frå eigen kommune. Det er også mogeleg å vere meir aktive i utdanningsmiljøa – på høgskulane – i tida før stillingar vert utlyste rundt i landet.

Tiltak for å få folk til å stå lenger i jobben vil kunne redusere nyrekrutteringsbehovet.

Grunnutdanning er tradisjonell noko som den einskilde kommune ikkje engasjerer seg så mykje i. Sidan vi får ein stor avgang av pedagogar særleg i skulen dei nærmast åra, har regionen vår satsa på å få i gang desentralisert lærarutdanning og førskulelærarutdanning. Strategien er å rekruttere blant personar som har hatt ein fot innom skule eller barnehage – og som alt er bufaste i kommunen.

Kommunen må også i større grad samarbeide med næringslivet når vi lyser ut stillingar. Deltaking på utdanningsmesser saman med Hamn og Næring er eit anna tiltak vi må prioritere.

Kommunen står også overfor utfordringar i rekruttering av både merkantilt personale og reinhaldspersonale. Alderssamsetjinga for desse til yrkesgruppene viser at fleirtalet er over 55 år.

## 6. OPPVEKSTSEKTOREN I FRAMTIDA

### 6.1. Visjonen

#### OPPVEKSTVINNAREN

Bremanger kommune skal drive gode skular og barnehagar – skular og barnehagar der folk bur! Ei slik målsetjing går noko på tvers av det andre kommunar har satsa på. Difor bør ein slik strategi vere ein kokurransefordel for Bremanger.

Vi kan dokumentere god kvalitet i skulane og barnehagane våre. Det er ei klar målsetjing å vedlikehalde denne kvaliteten – og om mogeleg auke den. Det skal m.a. skje i samarbeid og dialog med heimane.

### 6.2. Hovudmål

Bremanger kommune skal drive skular og barnehagar som ivaretak trivsel, tilpassa utvikling, eit godt læringsmiljø og personleg vekst for elevar/barn og tilsette. Føresette skal vere nøgde med tenestene kommunen yter.

Skulane og barnehagane skal vere ein ressurs i nærmiljøet gjennom samarbeid med lokalsamfunnet og andre aktørar.

Skule og barnehage skal byggje identitet hos barn/elevar noko som skal bidra til at dei får lyst å busetje seg i Bremanger.

### 6.3. Omdømme

Gode skular og barnehagar der folk bur skal vere eit tilbod til dei som bur i kommunen, men også eit argument for å rekruttere nye innflyttarar.

I Bremanger sitt omdømmet har vi eit ynskje om å verte oppfatta slik:

- Elevar og barnehagebarn i sentrum for all aktivitet
- Høg kvalitet i skular og barnehagar
- Høg trivsel for elevar, barnehagebarn og tilsette
- Eit godt arbeidsmiljø i gode og tidsmessige lokale
- Godt, konstruktivt og forpliktande samarbeid med heimane og mellom driftseiningane
- God politisk forankring i målsetjing og drift

#### **6.4. Strategiske val**

- Desentralisert skule- og barnehagestruktur
- Sikre samhandling mellom alle aktørar i skule og barnehage
- Sikre høg og oppdatert kompetanse
- Sikre eit psykisk og fysisk godt oppvekst- og læringsmiljø
- Byggje identitet og tilhøyre

For konkretisering vert det vist til ”Kompetanse- og kvalitetssikringsplan 2010 for grunnskulen og barnehagen i Bremanger kommune”.

### **7. ORGANISATORISKE KONSEKVENSAR?**

Det er ynskjeleg med utvikling og vekst i alle delar av kommunen. Folketals-/barnetalsutviklinga viser tale som pr. dato ikkje samsvarar med dette ynskjet.

Nokre av krinsane våre har prognosar som viser nedgang i barnetal dei kommande åra. Dette gjeld i første rekke Kolset oppvekst der rekrutteringa både til skule og barnehage viser stor svikt. Dersom prognosane vert stadfesta dei nærmaste åra, vil driftseininga her stå i fare.

Også Hauge skule har relativ stor svikt i elevtalet fram til 2015/2016. Det vil få konsekvensar for klassetalet ved skulen dersom 1/3 av elevgrunnlaget vert borte.

Dei andre krinsane har mindre nedgang eller auke i elevtalet.

For barnehagane kan vi ikkje framskrive grunnlaget på same måte som for skulen. Vi må likevel rekne med at der elevtalet i skulen går ned, får vi også ein reduksjon barnehagen i same oppvekstsenter.

Eventuelle organisatoriske eller strukturelle endringar som følgje av nedgang eller auke i elevtal, må takast opp til drøfting på eit så tidleg tidspunkt at kommunen ikkje kjem i ein tvangssituasjon. Drøftinga må også skje tidleg saman med dei som vert berørte av ei eventuell endring.

Førebelts ligg det ikkje føre planar om konkrete strukturelle endringar.

I ein kommune med mange små einingar er det både ei utfordring og ei mogelegheit å realisere ”eit større kollegium” gjennom tett samarbeid mellom einingane. Vi må sjå på endå betre utnytting av kompetansen til dei tilsette på tvers av driftseiningane. Gjennom tett organisatorisk og administrativt

samarbeid må vi ha mål om betre ressursutnytting. Betre pdagogisk samarbeid, planleggingssamarbeid og betre utnytting av fagkompetansen i personalet vil kunne gje oss betre ressursutnytting både økonomisk og personellmessig. Alt dette vil vere verkemiddel for å sikre eit desentralisert tilbod.

## 8. HANDLINGSPLAN 2010-2012

Dei fleste av tiltaka (dei neste sidene) krev eiga utgreiing og eigne vedtak når det gjeld organisering og økonomi.

**DRIFTSTILTAK (Prosesskvalitet og resultatkvalitet):**

<b>Tiltak:</b>	<b>Driftseining:</b>	<b>Når:</b>	<b>Ansvar:</b>	<b>Evaluering:</b>	<b>Referanse:</b>
Overgangen barnehage / skule – rutinar	Alle barnehagar og alle skular	f.o.m. skuleår 2010/2011	Alle driftssjefar	Tilstandsrapport vår 2011	Kap. 3.1.
Nettverksgrupper på tværs av barnehagar	Alle barnehagane	f.o.m. barnehageår 2010/2011	Alle driftssjefar i barnehagane	Eiga oversikt over gjennomførte tiltak vår 2011	Kap. 5.1.
Pedagogiske samarbeid mellom skular same ungdomsskulekrins	Alle skular	f.o.m. skuleåret 2010/2011	Alle driftssjefar i skule	Tilstandsrapport vår 2011	Kap. 5.1.
Aktivitetsveke 9.årskull ”Barnas dag”	Ungdoms-Skulane	Er i gang	Styrings-Gruppe	Frå dei tre skulane	Kap. 5.1.
	Alle (småskule- steg + barnehage- barn 3 år og eldre	f.o.m. skuleåret 2010/11	Styrings-gruppe	Tilstandsrapport	Kap 5.1.
Rekruttering av fagpersonale Entreprenørskap	Prioritet på skule og PPT	f.o.m. skuleåret 2010/2011	Kommunalsjef oppvekst	Tilstandsrapport	Kap. 4.2. Kap. 5.4.
	Alle skular og barnehagar	f.o.m. driftsåret 2010/2011	Driftssjefane	Tilstandsrapport	Kap. 6.4.
Kompetanse- og kvalitetssikringsplan	Alle skular og barnehagar	Er i gang	Arbeidsgruppe, driftseininger, kommunestyre	Tilstandsrapport	Kap. 4.3. Kap. 6.4.
Innkjøp, samordning og utnytting av innkjøpsavtaler	Alle skular og barnehagar	Er i gang, men må få større omfang	Kommunalsjef oppvekst	I samband med rekneskapsrapportar	Kap. 4.4.

**ORGANISATORISKE TILTAK (Strukturkvalitet):**

Tiltak:	Driftseining:	Når:	Ansvar:	Evaluering:	Referanse:
Oppvekstsenter	Hauge skule og Stasjonen barnehage	Skuleåret 2011/2012	Kommunalsjef oppvekst	Tilstandsrapport vår 2012	Kap. 3.1. Kap. 4.4.
Organisatorisk og administrativt samarbeid / samordning mellom driftseiningerane i kvar ungdomsskulekrins	Alle driftseiningerane	Februar 2011	Kommunalsjef oppvekst/rådmann	Eigen rapport	Kap. 3.1. Kap. 5.1.
Samle dei merkantile oppgåvene i større stillingar (også i samarbeid med anna kommunal verksamd)	Alle	Haust 2010	Personalavd.	Tilstandsrapport	Kap. 3.1. Kap. 3.4.
Team for reinhaldarane (alt kommunalt reinhald innan eit geografisk område)	Alle	Haust 2010	Personalavd.	Tilstandsrapport	Kap. 3.1. Kap. 3.4.
Utgrei organiseringa av PP-tjenesta	PPT	Haust 2010	Kommunalsjef oppvekst	Eiga utgreiing	Kap. 3.4.
Enøk-tiltak etter vedteken plan	Alle	Haust 2010	Kommunalsjef oppvekst	I samband med rekneskapsrapportar	Kap. 4.4.

INVERSTERINGSTILTAK (Strukturturkvalitet):

<b>Tiltak:</b>	<b>2010:</b>	<b>2011:</b>	<b>2012:</b>
Svelgen oppvekst rehabilitering – pålegg	2.200.000	4.000.000	
Svelgen barnehage – nybygg	6.700.000		
Svelgen oppvekst – utbetring skulekjøken			2.000.000
Hauge skule – rehabilitering	3.500.000		
Kalvåg oppvekst – rehabilitering – pålegg		4.000.000	

Oversikta er henta frå Økonomiplanen

## **VEDLEGG:**

- 1) Økonomi ved flytting av elevar**
  - Frøyen skule til Hauge skule
  - Frøyen skule 5.-7.årskull til Hauge skule
  - Ålfoten og Kolset skular til Davik skule
  - 5.-7.årskull ved Ålfoten og Kolset til Davik skule
- 2) Nasjonale prøver 2009**
- 3) Spesialundervisninga**
- 4) Kommunalt rammetimetal for Bremanger**
- 5) Bemanningsplan for barnehagane**
- 6) Elevtalsutvikling**

*Dübium sapiénte initium*

**STARATEGISK PLAN FOR OPPVEKST****INNSPARINGSPOTENSIALE VED OVERFØRING AV  
FRØYEN SKULE TIL HAUGE SKULE**

(Tal basert på 2010-budsjett)

**FRØYEN SKULE:**

	Vår	Haust	Kroner
Stillingar ved Frøyen skule	5,3811	5,5951	
Administrasjon av barnehage	-0,5000	-0,5000	
IKT-rettleiar	-0,2667	-0,2667	
2 årstimar pr. elev	-0,0830	-0,0850	
Seniortillegg	-0,1250	-0,1250	
Stykingstiltak H09 (stipulert)	0,0000	-0,2000	
Innsparingspotensiale Frøyen skule	4,4064	4,4184	2 261 000

**HAUGE SKULE**

Auke i rammetimetal - stillingar	2,8385	3,0462	
Auke i administrasjon	0,2716	0,2716	
Auke på Hauge skule	3,1101	3,3178	1 723 000
Netto innsparing stillingar	1,2963	1,1006	
Sum innsparte lønsmidlar (skule)			538 000
Auke i skysskostnader (42,5 elevar x 20 x2 x 190)			323 000
Netto innsparing - elevretta kostnader			215 000
Innsparing reinhaldsutgifter (1/3)			95 000
Innsparing straum (1/3)			110 000
Netto innsparing på "skulebudsjettet"			420 000
Tapte skatteinntekter (av brutto lønsutgifter på 633000 kr)			59 000
<b>Netto innsparing</b>			<b>361 000</b>

Skal dei elevane som i dag har SFO på Kalvåg skyssast av foreldre rekna etter offentleg takst (3,65 kr/km), vert dei påført ei ekstrautgift på 349.000 kr.

Folketalsutvikling/fråflytting må også vurderast som ein del av totalbiletet. Flytting ut av kommunen gir tap i rammeoverføringane.

**STARATEGISK PLAN FOR OPPVEKST**

**INNSPARINGSPOTENSIALE VED OVERFØRING AV  
5.-7.ÅRSKULL VED FRØYEN SKULE TIL HAUGE SKULE**  
(Tal basert på 2010-budsjett)

**FRØYEN SKULE:**

	Vår	Haust	Kroner
Stillingar ved Frøyen skule 5.-7.årskull	1,6615	1,1077	
Administrasjon	0,1200	0,0800	
IKT-rettleiar			
2 årstimar pr. elev			
Seniortillegg			
Stykkingstiltak H09 (stipulert)			
<b>Innsparringspotensiale Frøyen skule</b>	<b>1,7815</b>	<b>1,1877</b>	<b>772 000</b>

**HAUGE SKULE**

Auke i rammetimetal - stillingar	1,6615	1,1077	
Auke i administrasjon	0,0984	0,0656	
Auke på Hauge skule	1,7599	1,1733	800 000
Netto innsparing stillingar	0,0216	0,0144	
<b>Sum innsparte lønsmidlar (skule)</b>			<b>(28 000)</b>
Auke i skysskostnader (20 elevar x 20 x2 x 190)			(152 000)
Netto innsparing - elevretta kostnader			(180 000)
Innsparing reinhaldsutgifter (1/5)			57 000
Innsparing straum (1/5)			66 000
Netto innsparing på "skulebudsjettet"			(57 000)
Ekstra skatteinntekter (av brutto lønsutgifter på 20000 kr)			3 000
<b>Netto innsparing</b>			<b>(54 000)</b>

Med dei faktorane som er tekne inn i reknestykket, vil flytting av 5.-7.årskull frå Frøyen skule til Hauge skule medføre ei ekstra utgift på 54.000 kr rekna ut frå 2010-budsjettet.  
Dersom ein legg til dei samfunnsmessige kostnadene (m.a. For foreldre og fylke), vert nettokostnaden ved flytting endå høgre.

# STARATEGISK PLAN FOR OPPVEKST

## INNSPARINGSPOTENSIALE VED OVERFØRING AV ÅLFOTEN SKULE OG KOLSET SKULE TIL DAVIK SKULE (Tal basert på 2010-budsjett)

ÅLFOTEN SKULE	Stillingar		Kroner
	Vår	Haust	
Stillingar ved Ålfoten skule skule	2,8365	3,9000	
Administrasjon av barnehage	0,0000	0,0000	
IKT-rettleiar	-0,0500	-0,0500	
2 årstimar pr. elev	-0,0445	-0,0567	
Seniortillegg	-0,0580	-0,0580	
Stykingstiltak H09 (stipulert)	0,0000	-0,1300	
Innsparingspotensiale Ålfoten skule	2,6840	3,6053	1 618 000
 <b>KOLSET SKULE</b>			
Stillingar ved Ålfoten skule skule	3,9445	3,9650	
Administrasjon av barnehage	0,0000	0,0000	
IKT-rettleiar	-0,0500	-0,0500	
2 årstimar pr. elev	-0,0628	-0,0547	
Seniortillegg	0,0000	-0,1000	
Stykingstiltak H09 (stipulert)			
Innsparingspotensiale Kolset skule	3,8317	3,7603	2 032 000
Innsparingspotensiale Ålfoten og Kolset			3 650 000
 <b>DAVIK SKULE</b>			
Auke i rammetimetal - stillingar	3,6000	3,8769	
Auke i administrasjon	0,1200	0,1200	
Auke på Davik skule	3,7200	3,9969	2 160 000
Netto innsparing stillingar	2,7957	3,3687	
Sum innsparte lønsmidlar			1 490 000
Auke i skysskostnader Ålfoten (24 elevar x 20 x 2 x 190)			183 000
Auka skysskostnader Kolset (29,5 elevar x 20 x 2 x 190)			224 000
Netto innsparing - elevretta kostnader			1 083 000
Innsparing reinhald Ålfoten (1/3)			26 000
Innsparing reinhald Kolset (1/3)			48 000
Innsparing straum Ålfoten (1/3)			22 000

Innsparing straum Kolset (1/3)	25 000
Netto innsparing på "skulebudsjettet"	1 204 000
Tapte skatteinntekter (av brutto lønsutgifter på 1560000)	148 000

**Netto innsparing** **1 056 000**

Folketalsutvikling/fråflytting må også vurderast som ein del av totalbiletet. Flytting ut av kommunen gir tap i rammeoverføringane.

**VEDLEGG 1****STARATEGISK PLAN FOR OPPVEKST**

**INNSPARINGSPOTENSIALE VED OVERFØRING AV 5.-7.ÅRSKULL  
VED ÅLFOTEN SKULE OG KOLSET SKULE TIL DAVIK SKULE**  
(Tal basert på 2010-budsjett)

ÅLFOTEN SKULE	Vår	Stillingar		Kroner
		Haust		
Stillingar ved Ålfoten skule skule 5.-7.kl.		0,7615	0,8308	
Administrasjon		0,0550	0,0600	
IKT-rettleiar				
2 årstimar pr. elev				
Seniortillegg				
Stykkingstiltak H09 (stipulert)				
Innsparingspotensiale Ålfoten skule		0,8165	0,8908	443 000
<b>KOLSET SKULE</b>				
Stillingar ved Kolset skule skule 5.-7.kl.		1,1769	1,0385	
Administrasjon		0,0850	0,0750	
IKT-rettleiar				
2 årstimar pr. elev				
Seniortillegg				
Stykkingstiltak H09 (stipulert)				
Innsparingspotensiale Kolset skule		1,2619	1,1135	640 000
Innsparingspotensiale Ålfoten og Kolset				1 083 000
<b>DAVIK SKULE</b>				
Auke i rammetimetal - stillingar		1,9385	1,8692	
Auke i administrasjon		0,1148	0,1107	
Auke på Davik skule		2,0533	1,9799	1 133 000
Netto innsparing stillingar		0,0251	0,0244	
Sum innsparte lønsmidlar				(50 000)
Auke i skysskostnader Ålfoten (11,5 elevar x 20 x 2 x 190)				(87 000)
Auka skysskostnader Kolset (13,5 elevar x 20 x 2 x 190)				(103 000)
Netto innsparing - elevretta kostnader				(240 000)
Innsparing reinhald Ålfoten (1/5)				16 000
Innsparing reinhald Kolset (1/5)				29 000
Innsparing straum Ålfoten (1/5)				13 000

Innsparing straum Kolset (1/5)	15 000
Netto innsparing på "skulebudsjettet"	(167 000)
Auka skatteinntekter (av brutto lønsutgifter på 37000)	5 000

**Netto innsparing** **(162 000)**

Med dei faktorane som er tekne inn i reknestykket, vil flytting av 5.-7.årskull frå Ålfoten skule og frå Kolset skule til Davik skule medføre ei ekstra utgift på 54.000 kr rekna ut frå 2010-budsjettet.


Dersom ein legg til dei samfunnsmessige kostnadene (m.a. for foreldre og fylke), vert nettokostnaden ved flytting endå høgre.

# VEDLEGG 1

Bremanger kommune

Innsparing ved endring av skulestruktur (2010-budgett)

	UtviklingsPartner AS	Bremanger kommune
Frøyen til Hauge	1 610 000	361 000
Ålfoten/Kolset til Davik	2 238 000	1 056 000
<b>Sum</b>	<b>3 848 000</b>	<b>1 417 000</b>




## VEDLEGG 2


# NASJONALE PRØVER 2009

### 5.årskull

Resultat for Bremanger kommune dei tre siste skuleåra:




Bremanger kommune samanlikna med fylket og Noreg (2009):




## 8. årskull

Resultat for Bremanger kommune dei tre siste skuleåra:



Bremanger kommune samanlikna med fylket og Noreg (2009):



## **VEDLEGG 3**

### **BREMANGER KOMMUNE SPESIALUNDERVISNINGA**

Elevar med spesialundervisning i prosent av samla elevtal:

<b>Skuleår:</b>	<b>Elevar med spesialuv.</b>	<b>Samla elevtal</b>	<b>% elevar med spesialuv.</b>	<b>Sogn og Fjordane</b>	<b>Noreg</b>
2002/03	21	522	4,0 %	7,6 %	6,0 %
2003/04	34	519	6,6 %	7,4 %	5,9 %
2004/05	28	540	5,2 %	7,7 %	5,9 %
2005/06	41	518	7,9 %	7,8 %	5,9 %
2006/07	54	536	10,1 %	8,0 %	5,8 %
2007/08	43	536	8,0 %	8,1 %	6,6 %
2008/09	35	520	6,7 %	8,4 %	7,2 %
2009/10	31	527	5,9 %		

# BREMANGER KOMMUNE

## VEDLEGG 4

### KOMMUNALT RAMMETIMETAL FOR SKULANE I BREMANGER 2008/09 - 2009/10

GRUNNLAG FOR BUDSJETT 2009

Skuleår 2008/09	Elevressurs				1,80	Sum b.steg.	Basis 8.-10.kl.	Tillegg 8.-10.kl.	Sum 8.-10.kl.	Samla timetal	Timar pr. elev
	Elevtal 1.-7.årsk.	Elevtal 8.-10.kl.	Klassar 1.-7.kl.	Klassar 8.-10.kl.							
Svelgen skule	123	69	7	3	221,4	3	224,4	124,2	124,2	348,6	1,82
Hauge skule	91	79	5	3	163,8	12	175,8	142,2	142,2	318,0	1,87
Davik skule	35	28	3	2	63	23	86,0	50,4	20	70,4	156,4
Frøyen skule	47		3		84,6	18	102,6			102,6	2,48
Kolset skule	32		3		57,6	27	84,6			84,6	2,18
Ålfoten skule	21		2		37,8	20	57,8			57,8	2,64
											2,75
<b>Sum</b>	<b>349</b>	<b>176</b>	<b>23</b>	<b>8</b>	<b>628,2</b>	<b>103,0</b>	<b>731,2</b>	<b>316,8</b>	<b>20</b>	<b>336,8</b>	<b>1068,0</b>
											<b>2,03</b>

Skuleår 2009/10	Elevtal 1.-7.årsk.	Elevtal 8.-10.kl.	Klassar 1.-7.kl.	Klassar 8.-10.kl.	Basis 1.-7.kl.	Tillegg 1.-7.kl.	<b>Sum b.steg.</b>	Basis 8.-10.kl.	Tillegg 8.-10.kl.	<b>Sum u.steg</b>	Samla timetal	Timar pr. elev
Svelgen skule	124	61	7	3	223,2	3	226,2	109,8	109,8	336,0	1,82	
Hauge skule	92	80	6	3	165,6	12	177,6	144,0	144,0	321,6	1,87	
Davik skule	41	25	3	2	73,8	23	96,8	45,0	20	65,0	161,8	2,45
Frøyen skule	41		3		73,8	23	96,8			96,8	2,36	
Kolset skule	31		3		55,8	27	82,8			82,8	2,67	
Ålfoten skule	21		2		37,8	20	57,8			57,8	2,75	
<b>Sum</b>	<b>350</b>	<b>166</b>	<b>24</b>	<b>8</b>	<b>630,0</b>	<b>108,0</b>	<b>738,0</b>	<b>298,8</b>	<b>20</b>	<b>318,8</b>	<b>1056,8</b>	<b>2,05</b>

Ark1

Skuleår	Elevtal 1.-7 årsk.	Elevtal 8.-10.kl.	Klassar 1.-7.kl.	Klassar 8.-10.kl.	Basis 1.-7.kl.	Tillegg 1.-7.kl.	Sum b.steg.	Basis 8.-10.kl.	Tillegg 8.-10.kl.	Sum u.steg	Samla timetal	Timar pr. elev
<b>Svelgen skule</b>	130	55	7	3	234,0	3	237,0	99,0	99,0	336,0	1,82	
<b>Hauge skule</b>	84	81	5	3	151,2	12	163,2	145,8	145,8	309,0	1,87	
<b>Davik skule</b>	33	34	3	2	59,4	23	82,4	61,2	20	81,2	163,6	2,44
<b>Froyen skule</b>	44						79,2	23	102,2		102,2	2,32
<b>Kolset skule</b>	27						48,6	30	78,6		78,6	2,91
<b>Aftoten skule</b>	28						50,4	30	80,4		80,4	2,87
<b>Sum</b>	<b>346</b>	<b>170</b>	<b>24</b>	<b>8</b>	<b>622,8</b>	<b>121,0</b>	<b>743,8</b>	<b>306</b>	<b>20</b>	<b>326,0</b>	<b>1069,8</b>	<b>2,07</b>

# BEMANNINGSPLAN FOR BARNEHAGANE

## VEDLEGG 5

Barnehage:

### Eksempel barnehage

Vår 2010

Avdelingar:	2
Tal plassar (samla):	47,1
Opningstidspunkt:	
Opningsdagar:	M, Ty, O; To, Fr


Timar opphold:	17	21,25	25,5	29,75	34	42,5
Tal barn 0 - 2 år:		2	3		2	8
Tal barn 3 - 5 år:		3	2		2	18

	St. % no:
Administrasjonsressurs (styrar):	50,00
Ped.leiar-ressurs:	21,36
Personalressurs på avdeling(ane):	837,33
Møtetid:	21,36
Samla bemanning:	930,05
10% reduksjon (K-vedtak)	93,01
Ny bemanning	837,05

Bemanning i stilingar:	
Styrar:	100,00
Pedagogiske leiarar:	21,36
Assistentar:	715,69
Samla bemanning:	837,05

## VEDLEGG 6

### ELEVTALESUTVIKLING PÅ UNGDOMSSTEGET



## ELEVTALESUTVIKLING 1995/96 – 2015/2016:

